



Aksjonærene i Sogn og Fjordane Energi AS
Medlemmene i styret for Sogn og Fjordane Energi AS
Valnemnd i Sogn og Fjordane Energi AS

05.06.2019

Sogn og Fjordane Energi AS – innkalling til generalforsamling 20.06.2019

Det vert med dette kalla inn til generalforsamling i Sogn og Fjordane Energi AS

torsdag 20. juni 2019 - kl. 11.00 i selskapet sine lokaler på Sandane.

Saker som skal handsamast:

1. Val av møteiar
2. Val av ein person til å skrive under møteboka saman med møteiar
3. Godkjenning av innkalling og sakliste
4. Fastsetting av rekneskap og disponering av overskot for 2018, og fastsetting av balanse pr. 31.12.2018 for selskapet Sogn og Fjordane Energi AS og konsernet Sogn og Fjordane Energi.
5. Godkjenning av honorar for revisor
6. Framlegg til endring av vedtektene

Styret tilrår for generalforsamlinga at vedtektene sin § 5 blir endra frå:

«Selskapet sitt styre skal ha frå 8 til 9 medlemmer med like mange personlege varamedlemmer.

Inntil 6 medlemmer skal veljast av generalforsamlinga og inntil 3 skal veljast av og mellom dei tilsette.

Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar til styret.

Alle val gjeld for 2 år. Styremedlemene kan ta gjenvæl.

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemmene/varamedlemene er til stades. Er stemmetalet likt, er møteiaren si stemme avgjerande. Dei som stemmer for ei avgjerd må likevel utgjere meir enn ein tredjedel av samtlege styremedlemmer.

Styret tilset og eventuelt avset adm.direktør som dagleg leiar for selskapet. Adm.direktør har rett og plikt til å delta i styremøta.»

Til:

«Selskapet sitt styre skal ha frå 8 til 9 medlemmer.

Inntil 6 medlemmer med personlege varamedlemar skal veljast av generalforsamlinga og inntil 3 medlemmar skal veljast av og mellom dei tilsette.

Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar til styret.

Alle val gjeld for 1 eller 2 år etter generalforsamlinga si nærare avgjerd. Ved fastsetjing av valperiode for den einskilde styremedlem, skal det leggjast til rette for ei rullering av styret slik at 3 av styret sine aksjonærvalde medlemmar, mellom desse styret sin leiar eller nestleiar, får 2 år gjenståande funksjonstid. Styremedlemene kan ta attval.

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene/varamedlemene er til stades. Er stemmetalet likt, er møteleiaren si stemme avgjerande. Dei som stemmer for ei avgjerd må likevel utgjere meir enn ein tredjedel av alle styremedlemer.

Styret tilset og eventuelt avset adm.direktør som dagleg leiar for selskapet. Adm.direktør har rett og plikt til å delta i styremøta.»

7. Val av medlemmer til styret og valnemnd
8. Fastsetting av honorar for styremedlemer og medlemmer av revisjonsutvalet.

Etter generalforsamling vert det eigarmøte. Tema i eigarmøtet vil mellom anna vere:

- Generell informasjon om status i SFE.
- Drøfting av selskapet sin utbyttepolitikk
- Framlegging av langtidsprognose for 2020-2029.
- Orientering om status for Sogn og Fjordane Holding AS

Mellom generalforsamlinga og eigarmøtet vert det servert lunsj.

Vedlegg:

1. Fullmaktskjema
2. Framlegg til vedtak i sak 4, 5, 6, 7 og 8.
3. Årsrapport 2018

Med helsing

Sogn og Fjordane Energi AS

Per Atle Kjøllesdal

Styreleiar

- sign. -

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

Generalforsamling 20.juni 2019

Vedtaks sak



Sak nr. 19/4

Årsoppgjer 2018

Framlegg til vedtak:

1. Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskapen for 2018 med eit overskot på kr 422.912.444 for morselskapet og kr 285.806.548 for konsern og ein totalbalanse på kr 4.964.193.916 for mor og kr 7.526.597.000 for konsern.
2. Generalforsamlinga godkjenner eit utbytte på kr 12,911 pr. aksje, totalt kr 100.009.619
3. Generalforsamlinga godkjenner slik disponering av årsoverskotet i mor-selskapet:

| | |
|---|-----------------------|
| Overført til annan eigenkapital: | kr 128.787.093 |
| Overført frå fond for vurderingsforskjellar | kr 194.115.732 |
| <u>Avsett til utbytte:</u> | <u>kr 100.009.619</u> |
| <u>Sum disponert:</u> | <u>kr 422.912.444</u> |
4. Generalforsamlinga tek styret si melding for 2018 til vitande.
5. Generalforsamlinga tek meldinga frå revisor til vitande.

Vedlegg

1. Årsrapport 2018 som inkluderer Styret si melding for 2018, resultatrekneskap og balanse med notar og revisjonsmelding. Sjå link [Trykk her for å sjå årsrapport](#)

Arkivnr. 1185532/7
Øk. Dir. MAHO
Konsernsjef JORA



Vedtaks sak

Sak nr. 19/5

Godkjenning av honorar for revisor

Styret sitt framlegg til vedtak på revisjonshonorar:

Generalforsamlinga godkjenner revisor sitt honorar for 2018 på kr 226.000,- for morselskapet og kr 642.000,- for konsernet totalt.

Arkivnr. 1311902/4
Styreleiar Per Kjøllesdal

Godkjenning av honorar for revisor

Saksframstilling

Kva saka gjeld

Saka gjeld generalforsamlingsvedtak for godkjenning av honorar til revisor.

Bakgrunn

Det er generalforsamlinga som godkjenner honorar for revisor.

Utgreiing

Honorar til revisor:

Revisorhonorar er dokumentert i rekneskapsnotar til rekneskapen 2018 for konsernet og morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS, og dessutan gjengjeve i tabellen vist nedanfor:

Kostnader til revisor for konsernet Sogn og Fjordane Energi:

| <i>Beløp i 1000 kr</i> | Konsern | |
|------------------------------------|----------------|--------------|
| | 2018 | 2017 |
| Revisjonshonorar | 642 | 680 |
| Rådgjevingstenester | 101 | 221 |
| Attestasjonstenester | 84 | 55 |
| Andre tenester utanfor revisjonen | 128 | 159 |
| Tenester frå samarbeidande selskap | 6 | 331 |
| Sum | 961 | 1 446 |

Beløpa over viser godtgjersle til Deloitte AS og samarbeidande selskap for revisjon og revisjonsrelaterte tenester, samt godtgjersle for andre tenester. Kostnadane er utan meirverdiavgift.

Kostnader til revisor for morselskapet :

| <i>Beløp i 1000 kr</i> | 2018 | 2017 |
|------------------------------------|-------------|-------------|
| Revisjonshonorar | 226 | 193 |
| Rådgjevingstenester | 14 | 164 |
| Attestasjonstenester | 27 | 9 |
| Andre tenester utanfor revisjonen | 9 | 35 |
| Tenester frå samarbeidande selskap | 4 | 124 |
| Sum | 280 | 525 |

Beløpa over viser godtgjersle til Deloitte AS og samarbeidande selskap for revisjon og revisjonsrelaterte tenester, samt godtgjersle for andre tenester. Kostnadane er utan meirverdiavgift.

Vedtaks sak

Sak nr. 19/6

Framlegg til endring av vedtektene

Styret tilrår for generalforsamlinga at Vedtektene sin § 5 blir endra frå:

«Selskapet sitt styre skal ha frå 8 til 9 medlemmer med like mange personlege varamedlemmer. Inntil 6 medlemmer skal veljast av generalforsamlinga og inntil 3 skal veljast av og mellom dei tilsette. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar til styret. Alle val gjeld for 2 år. Styremedlemene kan ta gjenval. Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene/varamedlemene er til stades. Er stemmetalet likt, er møteleiaren si stemme avgjerande. Dei som stemmer for ei avgjerd må likevel utgjere meir enn ein tredjedel av samtlege styremedlemmer. Styret tilset og eventuelt avset adm.direktør som dagleg leiar for selskapet. Adm.direktør har rett og plikt til å delta i styremøta.»

Til:

«Selskapet sitt styre skal ha frå 8 til 9 medlemmer. Inntil 6 medlemmer med personlege varamedlemar skal veljast av generalforsamlinga og inntil 3 medlemmar skal veljast av og mellom dei tilsette. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar til styret. Alle val gjeld for 1 eller 2 år etter generalforsamlinga si nærare avgjerd. Ved fastsetjing av valperiode for den einskilde styremedlem, skal det leggjast til rette for ei rullering av styret slik at 3 av styret sine aksjonærvalde medlemmar, mellom desse styret sin leiar eller nestleiar, får 2 år gjenståande funksjonstid. Styremedlemene kan ta attval. Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene/varamedlemene er til stades. Er stemmetalet likt, er møteleiaren si stemme avgjerande. Dei som stemmer for ei avgjerd må likevel utgjere meir enn ein tredjedel av alle styremedlemmer. Styret tilset og eventuelt avset adm.direktør som dagleg leiar for selskapet. Adm.direktør har rett og plikt til å delta i styremøta.»

Arkivnr.
Styreleiar

1471569/1
Per Kjøllesdal (sign)

Kva saka gjeld

Saka gjeld valordning til styret i SFE slik at ein kan unngå at alle styremedlemmar er på val same år.

Bakgrunn

På ordinær generalforsamling i SFE i 2018 blei det gjort følgjande vedtak:

«Styret vart oppmoda om å fremme sak for generalforsamlinga med sikte på endring av vedtektene sine bestemmelsar om valperiode.»

Utgreiing

I vedtektene § 5 heiter det med anna:

«Selskapet sitt styre skal ha frå 8 til 9 medlemmer med like mange personlege varamedlemmer. Inntil 6 medlemmer skal veljast av generalforsamlinga og inntil 3 skal veljast av og mellom dei tilsette. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar til styret. Alle val gjeld for 2 år. Styremedlemene kan ta gjenval.»

Sjølv om det også i fortsetjinga blir lagt til grunn ein normal valperiode på 2 år, må vi få inn eit tillegg som gjev generalforsamlinga høve til å avvike frå dette utan at det blir i strid med vedtektene.

Vi har i dag 6 aksjonærvalde styremedlemmar, dei resterande 2 eller 3 er vald av og blant dei tilsette. Det ville derfor være ideelt om det var 3 medlemmar på val kvart år og at styreleiar var på val når nestleiar ikkje var på val og omvendt.

Dette kan løysast ved at linja som gjeld valperiode blir endra til:

«Alle val gjeld for 1 eller 2 år etter generalforsamlinga si nærare avgjerd. Ved fastsetjing av valperiode for den einkilde styremedlem, skal det leggast til rette for ei rullering av styret slik at 3 av styret sine medlemmar, mellom desse styret sin leiar eller nestleiar, får 2 år gjenstående funksjonstid.»

Ved generalforsamlinga i 2019, er det berre eitt styremedlem som er på val og det vil då vere naturleg at det i denne plassen blir gjort eit val for 2 år. Dersom ein då ved neste ordinære generalforsamling vel 2 medlemmar, av dei leiar eller nestleiar for 1 år, vil ein ha oppnådd den ønska situasjonen. Dette må likevel haldast ved like over tid om det skjer endringar i styret utanom dei ordinære generalforsamlingane.



Vedtaks sak

Sak nr. 19/7

Val av medlemmer til styret og valnemnda

Valnemnda sitt framlegg til styre i SFE blir ettersendt eller lagt fram på møtet:

| | |
|----------------------|---------------------|
| Arkivnr. | 1232162/6 |
| Konsernsjef | Johannes Rauboti |
| Styreleiar | Per Atle Kjøllesdal |
| Leiar for valnemnda: | Jenny Følling |

Val av medlemmer til styret og valnemnd

Saksframstilling

Kva saka gjeld

Saka gjeld val av medlemmer til SFE sitt styre og val av valnemnd.

Bakgrunn

Alle aksjonærvalde medlemmer med unntak av Anne Marit Steen blei vald for 2 år ved generalforsamlinga i 2018 og er såleis ikkje på val i år.

Det er derfor berre Anne Marit Steen som er på val denne gongen.

Alle varamedlemmar unnateke Arne Andreas Riisnes, varamedlem for Ketil Konglevoll blei valde for 2 år i 2018. Arne Andreas Riisnes er derfor på val i år.

Valnemnda vart valt for 2 år i 2018.

Utgreiing

Valnemnda består av leiar Jenny Følling, Jannicke Hilland og Leidulf Gloppestad. Styret i SFE har i dag desse aksjonærvalde styremedlemmene:

Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Styreleiar Per Atle Kjøllesdal
Styremedlem Arvid Bjarne Lillehaug
Styremedlem Olin Johanne Henden

Personleg valde varamedlemer:

Varamedlem Sigurd Reksnes
Varamedlem Henrik Oppen
Varamedlem Hogne Bleie

Frå BKK:

Nestleiar Ketil Konglevoll
Styremedlem Anne Marit Steen

Personleg valde varamedlemer:

Varamedlem Arne Andreas Riisnes
Varamedlem Birthe Iren Grotle

Frå dei kommunale eigarane:

Styremedlem Jan Helge Dale

Personleg valde varamedlemer:

Varamedlem Leidulf Gloppestad

Valnemnda sin innstilling til generalforsamlinga blir ettersendt eller lagt fram på møtet.



Vedtaks sak

Sak nr. 19/8

Fastsetting av honorar for styremedlemmer og medlemmer av revisjonsutvalet

Valnemnda sitt framlegg til vedtak på honorar for styremedlemmer og medlemmer av revisjonsutvalet:

Generalforsamlinga vedtek følgjande godtgjering til styret sine medlemmer:

| | | |
|-------------------|---------------------------|-----------------|
| <i>Styreleiar</i> | <i>Fast honorar på kr</i> | <i>175.000.</i> |
| <i>Nestleiar</i> | <i>Fast honorar på kr</i> | <i>97.000</i> |
| <i>Medlem</i> | <i>Fast honorar på kr</i> | <i>84.100</i> |

Varamedlem Møtehonorar på kr 4.890.

Til medlemmer av revisjonsutvalet vedtek generalforsamlinga følgjande godtgjersle:

Leiar og medlemmer Fast honorar på kr 28.500

I tillegg vert det betalt ut tapt arbeidsforteneste for arbeid for selskapet utover vanlig deltaking i styremøter i samsvar med fastsett styreplan. Ein legg til grunn dei satsar som er nytta for dette i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Endra godtgjersla gjeld frå 01.07.2019

Arkivnr. 1232055/6
Styreleiar Per Kjøllesdal
Leiar for valnemnda: Jenny Følling (sign.)

Fastsetting av honorar for styremedlemmer og medlemmer av revisjonsutvalet

Saksframstilling

Kva saka gjeld

Saka gjeld fastsetting av honorar til styremedlemmer og medlemmer av revisjonsutvalet i Sogn og Fjordane Energi AS

Bakgrunn

Det er generalforsamlinga som fastset honorar for styremedlemmer og medlemmer av revisjonsutvalet.

I samsvar med instruksen, skal valnemnda «gje innstilling til generalforsamlinga om godtgjering til styret sine medlemmer».

Utgreiing

Valnemnda tilrår at godtgjering til styret vert regulert med 2,9% med utgangspunkt i dagens godtgjering til styret. Dette er ei regulering som følgje gjennomsnittleg lønnsvekst i SFE for 2018.

Med verknad frå 01.07.2019, vert det tilrådd at godgjersla for styret vert:

| | |
|-------------------|--|
| <i>Styreleiar</i> | <i>Fast honorar på kr 170.000 auka til kr 175.000.</i> |
| <i>Nestleiar</i> | <i>Fast honorar på kr 94.000 auka til kr 97.000.</i> |
| <i>Medlem</i> | <i>Fast honorar på kr 81.700 auka til kr 84.100.</i> |

| | |
|-------------------|---|
| <i>Varamedlem</i> | <i>Møtehonorar på kr 4.750 auka til kr 4.890.</i> |
|-------------------|---|

Godtgjersla til revisjonsutvalet:

| | |
|------------------------|---|
| <i>Leiar og medlem</i> | <i>Fast honorar på kr 27.700 auka til kr 28.500</i> |
|------------------------|---|

Ved ordinær generalforsamling den 26.06.2017 blei det vedteke å betale ut tapt arbeidsforteneste for arbeid for selskapet utover vanlig deltaking i styremøter i samsvar med fastsett styreplan. Ein legg til grunn dei satsar som er nytta for dette i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Valnemnda har ikkje foreslått nokon endring av dette punktet.



FULLMAKT

Den som underteknar og som er eigar av _____ A-aksjar og
_____ B aksjar

i Sogn og Fjordane Energi AS gir hermed fullmakt til

_____ til å møte og stemme for våre aksjar på den
ordinære Generalforsamlinga som vert halde 20. juni 2019.

_____ den _____ 2019

Stad

Underskrift

Gjenta med blokkbokstavar

Namn på eigar av aksjane

Adresse

Postnr.

Stad

Fullmakt sendast pr. post eller epost til post@sfe.no.

Dok.nr 1157354/9